

Ofrene – Ovre – Ovren (gnr. 15)

Ofrene: Namn som opphavleg er samansett av ofra, å hæve, lyfte, og vin, engvoll, gard. Gardar med dette namnet ligg som regel slik til at dei er lette å sjå. Uttalen av namnet har i bygdemålet vore Ovre, utan bøyning. Skrivemåten av namnet har vore ustø og skiftande, men som regel slik at namnet var godt kjenneleg.

Det første vi finn garden Ovren omhandla i skrivne kjelder er i Aslak Bolts jordebok frå kring år 1450. Namnet er da skrive Ofrene, og det er oppgitt at landskylda av garden var 2 huder. Det er elles opplyst at det til garden låg eitt eller fleire fiskevarp, som truler gjekk for å vera serleg gode. Det går vidare fram at Ovren i Fåberg låg til erkebispstolen også kring 1520. Men ved reformasjonen kom så bispegodset under kongen, og ein finn det i ei årrekke administrert av Akershus len. Av Akershus lensrekneskap for 1557-58 går det såleis fram at Jonn Øffrenn da hadde betalt foringsskatten med 1 faar. Same året er det elles fortalt at John Øffrenn saman med Daniell Groth og ein til var med og leverte ”Tiendeverd aff Fåberg”. Same Jonn Offrenn var altså ein mann som var tydeleg med.

Ved utskrivninga av bygningsskatten 1594 er av gardane i Fåberg grd. Øffrenn ført som første gard i gruppa for ”Hallfue gaarde”, som etter landskylda vil seie halvstore gardar. I lista over Tiendekorn 1604 er gardnamnet skrive ”Øffuere”, og tienda var 1½ tønne som t.d. for Ramnum, Ulland og Prestrud. Av lensrekneskapen for 1611-12 går det vidare fram at Offren var vorte krongods og at Jon Offren var bygslar og brukar av krongodset. Fire år seinare er i 1615 landskylda av Øffrenn høgda til 1½ hud krongods, og namnet på brukaren er skrive Jonn.

Joenn Øffrenn toppar framleis lista over ”Leiglendinge bønnder” i 1621, og det er da opplyst at landskylda var endra til 1 hud 18 merker fisk, så garden hadde nok framleis dei gode fiskevarpa. – År 1624 vil ein elles finne fortalt at ”Joen Øffren”, som med farsnamn truleg heitte Jon Jonson, og var jordeegande bonde og åtte jordegods til 4 skinn landskyld i ”Rindal i Øer”. Etter nye 21 år var det i 1645 framleis berre ein gard ”Øfren”, og brukaren der heitte også da Jon. Han betalde da den utlikna ekstraskatten Kopskatten 1645 for 3 ”Mandfolch” og 3 ”Quindfolch” med tilsm. ½ dlr. 16 skl. Etter den sers pålitelege kjelda Mandtal for Kvegskatten 1657 er brukaren på garden kalla ”Joen Offren” også i 1657, og det er vidare fortalt at husdyrhaldet på Offren i den tid var: 1 hest, 3 hopper, 30 naut, 7 geiter og 30 sauer. I alt var det da 61 husdyr i fjøs og stall. Det eine med det andre viser at hundreåret 1557 til 1657 med Jon-karane som bygslarar og brukarar hadde vore ei rik og god framgangstid for Offren-garden. Om den manlege arbeidskraft på Offren har dessutan Mannkjønnsmanntalet av 1665 meir å fortelja. ”Offren” vart da framleis ført i gruppa for ”Halfve Gaarde”, men brukarane på garden var da brørne Jens Jonsen, som var 45 år og Halvor Jonsen, som var 50 år. Kvar av dei brukte halvparten av garden. Det er vidare oppgitt at det da var ein tenestgut der, og at han heitte Gulbrand Gudmosen og var 26 år. Vidare er det og fortalt at Offren da var ”udlagt til ryttergaard”.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Offren” fortalt at garden framleis var krongods og låg til ”Kongen alene”. Bygslarar og brukarar var som 3 år før Jens og Halvor, men landskylda av garden var da endra til 1 hud 3 skinn 1 pund 3 merker fisk, den kunne elles og krevjast inn i 3½ bismerpund 6 merker smør. Buskapen av store husdyr på garden var da 4 hestar og 19 naut, og korntienda vart utreidd med 3½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 35 tønner. Vidare er det om garden og

gardsbruket fortalt at "Engen er goed, Schoug til Gaards Brug, Olchien Setter til Sommerbeed".

Av "Rulle over Gulbrandsdalens fogderis soldatlægder 1693" går det dessutan fram at "Ofren" da tilhørde 2. lægd for Faaberg Sogn saman med både Rindals-gardane, Gilleberg og Fryjordet. Dei rulleførte frå Ofren var "Sifver Dagson, tjenesteDreng, 22 år, og Peder Olsen, husmand, 21 år.

Kring 1718 vart det store forandingar på "Ofren i Faaberg". Korporal Henning Lauridzen Ofren hadde såleis i 1716 late tinglesa auksjonsskjøte på jordegods til 1 huds skyld i gdr. Ofren, og i 1722 gav så sersjant Henning Larsen Wingnes og lensmann Peder Tollersrud på vegne av kona si Guri Larsdr. kjøte til broren Ole Larsen på "hele gården Ofren som skylder 2 huder eller efter matrikulen 1 hud 3 skind 1 bismerpund 3 merker fisk" for kjøpesum 265 rd.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Ovren" fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten der er god, men at Ovren var tungbrukt. Buskapen på garden var da 2 hestar, 2 føl, 18 naut og 24 sauer, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 5 1/2 tønne bygg og litt rug. Det er elles oppgitt at det var skog nok til brenneved og gjerdefang og til hustømmer. Setra Ålkinn hadde god hamn, og det var seterslått til 2 lass høy. Heile høyavlinga var årleg 30 lass, og det er vidare oppgitt at det da var 1 husmannsplass til Ovren. Eigar og brukar av garden var da Ole Larsen Ovren f. 1684.

Om den nye husbonden tek vi her elles med at Ole Larsen Ovren f. 1684 var son av Lars Olsen frå Storhove og Inger Olsdr. f. 1647. Faren Lars Olsen f. 1645 var elles død i 1722, og mora Inger Olsdr. f. 1647 døde i 1744.

Ole Larsen Ovren f. 1684 gifta seg med Guro Jonsdr. f. 1691, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Det var: 1. Inger f. 1719, g. 1743 m. Jacob Torstensen Ormerud v/Ovren, 2. Lars f. 1722, 3. Christen f. 1728, g. 1751 m. Barbro Hansdr.

I 1730-40 åra var det elles lenge strid og flere rettssaker om odelsretten til Ovren. Kring 1740 var det ei tid Tore Christensen Ovren, som var oppattgift med enka Guro Jonsdr., som var eigar og brukar av Ovren. Han hadde i 1744 ei sak med grannane sine om skoghogst. Denne saka, som her kan vera av interesse, har elles i utskrift av tingboka denne ordlyden:

"27. juli 1744.

Aastedssak paa Ofren.

Thore Ofren tillikemed hans formaaede Nabo Anders Moug har innstemt Torger Rindal for et i citantens skog begået avvirke.

Efter Torger Rindahls begjæring utsattes saken for kontrastevning.

25. august 1744.

Avsagt: Citanten Thore Ovren har i tilfulde bevist at åvirkestedet og Ovreskogen fra umindelige tider har været grd. Ovens eneeiendom. Ikke destomindre har Torger Rindal siste sommer begått 2 åvirke i Ovens skog. Ti kjennes for rett: Det åvirkede, bestaaende av 5 kløver bark og 22 trær bør være citanten tilhørende. Dessuten bør Torger Rindal betale landnåm derav til Thore Ovren, 1 ort 16 skl. og erstatte ham prosessens omk. med 12 rd. til justitskassen."

Av seks år seinare er ei rettssak mellom Lars Olsen og stefaren Thore Christensen, og denne saka, som også er opplysende, er etter utskrift sålydende:

16. juni 1750

”Ovren i Fåberg:

Lars Olsen Ovren kontra stiftfader Thore Christensen Ovren.

Avsagt: grd. Ovren, skyld 2 huder, har i langt over hevds tid været brukt av citantens far og farfar. Ved skiftet efter faren Ole Larsen i 1738, ble gården like delt mellem enken Guro Jonsdtr. og citanten og hans to søskende. Efter at Guro Jonsdtr. hadde inntrått i nytt ekteskap ble myndlingenes andel, 1 hud, av deres kurator og verger solgt til enkens mann kontracitanten Thore Christensen. Dette skjøte er snorrett stridende mot loven og kan ikke hindre citantens to nu myndige søskende i å selge ham sin part i gården. Thore Christensen har imidlertid som største lodeier i gården rådighet over dens hele bruk og besiddelse, inntil Citanten får sig tilhjemlet sine søskendes arveparter, og således blir eier av like skyld med sin stiftfader. Prosessens omk. oppheves”.

Av år 1751 er ei sak om fiskevarpet Tyvevarpet som nok ente med semje, men likevel kan vera av interesse.

18. juni 1751

”Ovren i Fåberg.

Thore Ovren har innstevnt sin stiftsøn Lars Olsen Ovren ang. deres forening av sistl. vinter om Tyve-Varpet, da Lars Olsen påtok sig å svare alle omkostninger som er anvendt og videre utfordres i den svevende prosess om samme varp.

Saken beror til neste ting, da innstevnte forelegges lavdag.

4. oktb. 1751.

Lars Ovren vegrer sig ikke for at uttelle de omk. som herefter faller på saken om Tyve-Varpet, som nu er innstevnt for Høyesterett. Thore Ovren sa at da hans stiftsøn viser sig så redebøn, vil citanten heller ikke ha mer enn 5 rd. av ham for Varpet, enten saken vinnes eller tapes, hvorom de ble forenet.”

Lars Olsen Ovren f. 1722, som i 1751 tok over som eigar og brukar av sin del av grd. Ovren, gifta seg i 1752 med Inger Olsdtr. Flygstad, og dei fekk 6 born, nemleg: a. Ole f. 1753, b. Ole f. 1755, c. Lars f. 1756. d. Marit f. 1758, g. 1788 m. Johs. Gundersen Fjeld, e. Inger f. 1760, f. Mari f. 1763, død same året.

Om husmannsplassen Øvrestuen på Ovre handlar og ei sak av 1751. Lars Olsen Ovren gav da bygselseddel til Siver Siversen på”en under hans gård til og underliggende husmandsplads Øvrestuen kaldet beliggende i akerjordet mot årlig husleie 3 rd. i årsarbeide.” Truleg gjeld dette plassen Kolkin.

Om dei fiskevarp som i den tid heilt eller for ein del tilhørde grd. Ovren handlar ei sak av 4. okt. 1756. Lars Olsen Ovren gav da skjøte til Jens Ødejordet (Øyjordet), og skjøtet gir m.a. desse opplysningane:

”Ovren.

Skjøte dat. 7. septbr. tingl. 4. oktober 1756.

Fra Lars Olsen Ovren av Fåberg til Jens Ødejordet sammesteds på den sjettestpart i lagesildvarpene: Michelsvarpet, Krouglens, Sløestad, Braattet, Fynnes Øen, Mellen og Tyre-

Varpet, alle beliggende i Laugen elv. som ved skjøte av 7. mars 1716 er blitt solgt av Hr. Obristleutenant Reichwein til hans far Ole Larsen Ovren og siden har fulgt gården Ovren, hvilken sjettepart han selger for 20 rd.”

Vidare gav så i 1757 Lars Olsen Ovren skjøte til Ole Pedersen på 1 hud 1 ½ skinn 13 ½ mrk fisk i grd. Ovren for 1000 rd. Av ei sak frå 1764 går det elles fram at Lars da framleis måtte vera eigar av heile Ovren. Han lånte da 100 rd. av Halvor Hauger mot pant i grd. Ovren av skyld 2 huder. - Av år 1765 er og eit skjøte som her er av stor interesse, og som etter utskrift av panteboka har denne ordlyden:

”Ovren.

Ødegaarden engeland.

Skjøte dat. og tinglest 10. oktbr. 1765.

Fra Lars Olsen Ovren av Vingerumsbøyden til Lillehammer anneks i Faaberg prestegjeld til Iver Joensen Rindal og Ole Halvorsen Hauger på et under hans gård Ovren beliggende Engeland Ødegaarden kaldet, der er beliggende tet ved gården Frujordets akerjorde, tillikemed et stykke av den til hans gård Ovren henhørende hestehage, alt for sum 400 rd.”

I samband med denne handelen vart elles landskylda av grd. Ovren snart etter nedsett til 1 hud 6 skinn.

Lars Olsen Ovren f. 1722 brukte så garden til han døde, visstnok i 1779. Ved arveskiftet i samband med dødsfallet vart jordegodset grd. Ovren av skyld 1 hud 6 skinn taksert for 1000 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1195 rd., men netto 91 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Inger Olsdr. dei 5 borna som enda var i live.

Først åtte år seinare gav i 1787 Christen Bjørstad, Ole Haugen og Christen Olsen v/Ovren i saman skjøte på farsgarden Ovren til odelsarvingen Ole Larsen f. 1753 for kjøpesum 1000 rd. + føderåd til mora Inger Olsdr. for resten av levetida.

Den nye husbonden Ole Larsen Ovren gifta seg i 1788 med Anne Amundsdr. Døsen, og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Det var: 1. Lars f. 1789, død 1836, 2. Mari f. 1791, 3. Amund, f. 1794, g. 1818 m. Sønnøv Simensdr. Borud, 4. Berte f. 1796, g. 1818 m. Arne Simensen Borud, der det den 18. oktbr. 1818 var søskenbrudlaup, 5. Ole f. 1799, 6. Ole f. 1801, g. 1830 m. Karoline Eriksdr. Ersgaard, 7. Johanne f. 1806, g. 1830 m. Ola O. Baaberg, Ringsaker.

I år 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og/eller ved Ovren. Dei var:

1. familie: 1. Ole Larsen, husbonden, 49 år, 2. Anne Amundsdr., kona hans, 38 år, 3. Lars Olsen, som deira, 12 år, 4. Mari Olsdr., dotter deira, 10 år, 5. Amund, son deira, 7 år, 6. Berthe, dotter deira, 5 år, 7. Ole Gudmundsen, tenestkar, 32 år, 8. Ole Larsen, tenestkar, 37 år, 9. Peder Engebretsen, tenestkar, 18 år, 10. Sigrid Halvorsdr., tenestkvinne, 27 år, 11. Inga Olsdr., føderådskone, 69 år.

2. familie: 1. Poul Engebretsen, husmann med jord, 50 år, 2. Martha Larsdr., kona hans, 55 år, 3. Eli Poulsdr., dotter deira, 7 år, 4. Anne Engebretsdr., enke, ”Inderste og gaaer i Dagleie”.

Om ein eldsvåde på Ovren i Faaberg den 14. april 1817 fortel utskrifter av tingboka dette:

”Ovren i Faaberg.

18. juni 1817.

Løitnant Gill, som kommandant for det nordre Hedemarkske infanterikompani, lot ved furer Ravnum anmelde, at ved en ildsvåde på grd. Ovren siste vinter brendte for lægdsnr. 62 et bandolær med patrontaske. Ravnum fremstillet tre vidner, som opplyste at det siste 14. april opstod vådeild på grd. Overen hvor det brendte ned to stuebygninger og en bod og hvor det nevnte bandolær brendte.

5. mars 1818

Ole Larsen Ovren meldte at 4. påskedag 1817 nedbrendte 4 hus med endel løsøre på hans gård Ovren. Han fremstillet to vidner som opplyste at følgende hus var brendt: 2 stuebygninger, 1 bod med loft og 1 vedskjul med loft.

Tingsvidnet sluttet.

18. juni 1818

Ole Larsen Ovren framla ovenst. tingsvidne og fremstillet de samme vidner. De takserte de brendte bygninger til 600 spd. og løsøre og gårdsredskaper til 200 spd. Tingsvidne herom ble bevilget utstedt.”

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Ovren” oppgitt at buskape av store husdyr i den tid utgjorde 4 hestar og 24 storfe, og at den årlege kornavlinga var kring 70 tønner etter 7 foll. Dette med dei 7 foll viser at Ovren var rekna for å vera ein av dei aller beste korngardar i bygda. Vidare er det i 1819 oppgitt at det til Ovren da hørde 2 husmannsplassar.

Same året, altså i 1819, var det og dødsbuskifte etter husfrua Anne Amundsdr. f. Døsen. Ved dette skiftet vart jordegodset grn. Ovren verdsett til 1000 spd., og arvebuet utgjorde brutto 1536 spd. og netto 1486 spd., så det var framleis velstand i ætta. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Ole Larsen dei 5 borna som framleis var i live.

Ole Larsen f. 1753 var framleis eigar og brukar av garden i 1824, da han skjøta ættegarden over til sonen Amund Olsen f. 1794 og sonekona Sønnøv f. Borud.

Husbondsfolka Amund og Sønnøv Ovren fekk i sitt ekteskap 9 born. Dei var: 1. Ole f. 1818, 2. Anne f. 1820, 3. Marte f. 1822, 4. Berte f. 1824, 5. Mari f. 1827, 6. Simen Torvald f. 1/8.1830, 7. Oline f. 1832, 8. Johanne f. 1835, 9. Bernt f. 21/12. 1841, død på Lekshus 1916.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. -

Ovren i Vingrom fekk da som si nye matrikkelskyld tilsm. 11 skylddalar 4 ort 18 skilling, og det var da Peder Ovren som var eigar og brukar av løpenr. 14a Ovren, og Ole Olsen f. 1818 hadde tatt over og var eigar og brukar av løpenr. 14b, dessutan hadde altså Amund Hauger løpenr. 8c Ovren Ødegård. Vidare var det så i tida frå 1838 til 1862 fleire utskiftingar og handlar med parsellar som det her ikkje er plass til å gå noko nærare inn på.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det da oppgitt at det var blitt 5 løpenr. under Ovren, som namnet da er skrive. Dei 5 løpenr. var: Løpenr. 14a, som det er opplyst da hadde eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på tilsm. 175 mål, og av dette var ca. 40 mål jord av 1. klasse, eigar og brukar: Ole Christensen, løpenr. 14c Ovren med Lars Svendsen som eigar ell. brukar hadde eit jordbruksareal på 86 ½ mål, og av det var 22 mål jord av 1. klasse, på løpenr. 14d Ovren med

Lars Christensen som eigar ell. brukar var dei tilsvarande areal: 92 mål og 24 mål, på løpenr. 14b, Sveen, Ovresveen, var dei tilsvarande areal: 59 ½ mål og 11 mål, og oppsittar der var da Christen Johannesen, endeleg tilhørde da løpenr. 8 b Overen Ødegaard: Ole Hoff og Joh. Frujordet, og dei tilsvarande areal var på dette løpenr.: 85 mål og 19 mål.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og –øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Ovren fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 15 av samla skyld 16,32 mark, og det var da vorte 10 bruksnummer under gardsnummer 15 Ovren. Dei 10 bruksnr. var: Gnr. 15 brn. 1 Ovren av skyld 6,25 mark, der Kristen Olsen var eigar ell. brukar, brn. 2 Sveen, Ovresveen av skyld 1,45 mark, der Kristen Johannessen var oppsittar, brn. 3 Ovren vestre, skyld 2,25 mark, med Bendik Ovren som oppsittar, brn. 4. Ovren vestre, skyld 0,83 mark, som Mathias Gustum og Søren Berg var eigarar ell. brukarar av, brn 5. "Aalkjern" (sæter) av skyld 0,21 mark, som Kristen Olsen Ovren var eigar ell. brukar av, brn. 6 Skog av skyld 0,50 mark, som B.& O. Lundgaard hadde tilhandla seg, brn. 7 Ovren vestre, skyld 2,52 mark, som Johannes Haavelsen var eigar ell. brukar av, brn. 8 Brettingen av skyld 0,11 mark, der Andreas Syversen var oppsittar, brn. 9. Ødegaarden av skyld 1,10 mark, som Erik Johansen Frujordet var eigar og brukar av, brn. 10. Ødegaarden av skyld 1,10 mark, som Oluf Olsen Hov var eigar ell. brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det så vidare skjedd dei skifte at: Hans Kristiansen hadde overtatt grn. 15 brn. 1 Ovren, brn. 2 Ovresveen var overtatt av August M. Lien, og brn.3 Ovren vestre var selt til Andreas Syversen. Vidare hadde Hans Kristensen overtatt br. 5 Ålkjern sæter, og Nils Johannessen hadde tilhandla seg brn. 7 Ovren vestre. Ein merker seg elles at brn. 8 Brettingen var overtatt av Mathias Larsen og at Ole M. Olsen Hoff hadde overtatt brn. 10 Ovregarden av skyld 1,10 mark.

Da det vonleg kan vera av interesse tek vi elles med at etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 femten personar med røysterett på og/eller ved Ovren. Dei var: 1. gardbr. på søre Ovre: Hans Kr. Ovren, 30 år, 2. gardbr.son Kristian Kr. Ovren, 41 år, 3. gardbr.son Karl Kr. Ovren, 35 år, 4. føderådskone Ingeborg Ovren, 72 år. 5. gardbr. på Ovre midtre: Nils J.Ovren, 45 år, 6. husmor Oline Ovren, kona hans, 44 år, 7. gardbr. på nordre Ovre: Anton A. Ovren, 36 år, 8. husmor Borghild Ovren, kona hans, 33 år, 9. føderådsmann Andreas S. Ovren, 75 år, 10. arbeidar Johan O. Kolkin, 72 år, 11. sjølveigar Mathias Larsen Ovrebrettingen, 44 år, 12. husmor Anne Olsdtr., kona hans, 43 år, 13. gardbr. i Ovresveen: August M. Lien, 42 år, 14, husmor Sofie Lien, kona hans, 32 år, 15. føderådsmann Matias Ovresveen, 68 år

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det under gardsnr. 15 Ovren seks bruksnr. med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 6 bruk var: a. Grn. 15 brn. 1 Ovren Søndre med eit jordbruksareal på ca. 100 mål, som Kåre Ovren da var eigar og brukar av, b. grn. 15 brn. 2 Ovresveen, jordbr.areal ca. 17 mål, eigar og brukar: Otto Haarset, c. grn. 15 brn. 3 Ovren Vestre med eit jordbruksareal på ca. 40 dekar, der Asmund Ovren da var eigar og brukar, d. Ovren midtre, grn. 15 brn. 7, med eit jordbr.areal på ca. 25 mål, som Morits Stubberud i den tid var eigar og brukar av, e. grn. 15 brn. 10-14 Øvergård, jordbr.areal ca. 30 mål, der Johan Gilberg var eigar og brukar, f. grn. 15 brn. 8 Ovrebrettingen med eit jordbruksareal på ca. 11 mål, som Olaf Brettingen var eigar og brukar av.

Tillegg av Kristen Voldbakken:

I skattematrikkelen av 1647, var Ovren oppført under halvgaarder, og croenegodtz. 2 huder. skatten var 4 dl. Jon Offren var oppsiddere. I mantall av 18. mars 1665 var og Ovren halvgaard og skyld 2 huder. Og den var utlagt til Ryttergaard. Oppsiddere var Haldor (Halvor?) Jonson 50 år, og Jens Jønson, 45 år, og Gulbrand Gudmundsen tjener 26 år.

I mantallet for 1764, var Ovren Oppsiddernes og bruker var Lars Ovren. I skifte på Ovren 10. april 1738 (f.210). var Ole Larsen død, og gift med Goro Jonsdtr. Deres barn var: 1. Lars 16 år. 2. Christen 10 år. 3. Inger 19 år. I skifte på Ovren 15. okt. 1744. (f.506 b). var Inger Olsdtr. død, hun var gift med tidligere avdøde Lars. Deres barn: 1. Henning Larsen Vingnes, 65 år. Capitain. 2. Ole Larsen Ofren (se skifte 1738). + 3 børn. a. Lars 22 ½ år. b. Christen 16 ½ år. c. Inger (c. 25 år) gift med Jacob Tostensen Ormerud. og 3. Guri Larsdtr. gift med P. Clemmetsen Tollefsrud. Og i et skifte 2. april 1751. på Ovren sikkert da etter en Thore Christensen gift med Goro Jonsdtr. som tidligere var gift med Ole Larsen Ovren. Og her var hver deres barn oppført, Thore hadde 4 barn og Goro hadde de ovenfor 3 nevnte.

Etter Ole Larsen og Goro Jonsdtr. elste sønn Lars Olsson var det holt på Ovren Skifte 19. april 1779. (fol.191 b). Lars Olsson død, gift med Inger Olsdtr. Deres barn var: 1. Ole myndig. 2. Ole 24 år. 3. Lars 22 år. 4. Marit 29 år. 5. Ingebor 18 år. I Folketellingen i Fåberg 1801 er på Ovren oppført som husbond Ole Larsen 49 år. og det er nok da den førstnevnte Ole, myndig i skiftet i 1779. hans kone var Anne Amundsdr. 38 år. Deres barn var: 1. Lars Olsen 12 år. 2. Amund Olsen 7 år. 3. Mari 10 år. Berthe Olsdtr. 5 år. Og her var Inge Olsdtr. husbondens moder 69 år oppført som føderåds-enke. I 1819. 1820. og 1821. 14. apr. og 11. mai var det skifte på Ovren etter Anne Amundsdr. som var gift med Ole Larsen. Deres barn: 1. Lars 30 år. 2 Amund 25 år. 3. Ole 18 år. 4. Berte gift med Arne Stavne. 5. Johanne 11 år. På skifte 1829 den 20. mars etter Ole Larsen som da var død er her og oppført de samme barn, men her er elste datter Berte oppført gift med Arne Borud og de er da formodentlig kommet til Borud. I 1850 8. aug. er skifte etter Ingeborg Nilsdtr. som var gift med Johannes Olsen. Her er ingen fler nevnt.

Aksel Hattestad behandler i Årbok forGudbrandsdalen, (år 1966 utgaven s. 115. o.v.) om Henning Larsen som var født på Ovren i 1670, og hans kjøp av Vingnes gard, og ellers mye anna av historie vedrørende Vingnes. Bl. skriver han: Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det fortalt at landskylda av garden da var høgda til 1 hud 6 skinn og at Henning Olsen da var oppsittar på garden. Så langt Hattestad. Etter navnet å dømme er vel denne Henning Olsen ein slektning, kanskje onkel til Henning Larsen som var Cap. des.Armes. og kjøpte Vingnes i 1734 3/4 . av Lorentz Reichwein. Generalmajor. Ni år senere kjøpte han i 1743 odelsretten til same Vingnes av Løytnant Lorentz Knopf for 88 rd. Om Henning Larsen Vingnes som i den tid tok over som eigar og brukar av Vingnes, er ellers og fortelja at han var født på Ovren i 1670, og var gift med Anne Christensdr. Røyne. Dei hadde to barn skriver Hattestad.disse er:

Christen Henningsen f. 1714. gift i 1753. med Mari Pedersdr. Stor-Hove.

Inger Henningsdr. f., med Ole Schillerud.

Christen Henningsen og Mari Pedersdr. hadde og to barn. 1. Anne f. 1756 døde ung. og 2.

Beret f. 1753. hun var gift med klokker Christen Biørnsgaard.

Av 18. juni 1782 er eit tinglyst forlik om odelsretten til gaarden

Vingnes i Faaberg prestegjeld, enka Mari Pedersdr. betaler da 200 rd. til dottera si Beret Christensdr. f. 1753. ”for benevnte odelsrett”. Av 19. juni 1786 er og ei kvittering fra C.

Biørnsgaard på vegne av kona hans Beret Christensdtr. for mottatt arv på Vingnes stor med renter 385 rd.

I 1756 døde og Christen Henningsen. Enka Mari Pedersdtr. Vingnes gifta seg snart etter oppat med Iver Olsen Slette f. 1723, og dei fekk i sitt ekteskap 9 barn:

- a. Anne. f. 1757. gift med Peder Paulsen Hove.
- b. Christense. f. 1759. død 1762.
- c. Christen . f. 1762. gift 1792 med Anne Olsdtr.
- d. Ole. f. 1764. gift 1815. med Kjersti Larsdtr. Breiset.
- e. Peder. f. 1766. død 1818.
- f. Christense. f. 1768. døde som barn.
- g. Jørgen. f. 1770. død 1773.
- h. Christense. f. 1773. døde i 1779.
- i. Jørgen. f. 1775

I folketellingen for 1801. står Christen Iversen 39 år som husbond og bruker og kona Anne Olsdtr. 33 år. 3 barn: 1. Iver 8 år. 2 Ole 3 år. 3. Mari 7 år.

Som nevnt før var Lars Olsen Ovren f. 1772 og gift 15/6. 1752. med Inger Olsdtr. og som forlovere hadde de Per Simenrud og Kristen Olsen Ovren.

De hadde 5 barn:

1. Ole Larsen Ovren, f. 27/1. 1753.
2. Ole Larsen Ovren. f. 22/1. 1755. Han døde 30. april 1814. nær 60 år.
3. Lars Larsen Ovren. f. 26/11. 1756.
4. Marit Larsdtr. Ovren. f. 8/9. 1758.
5. Inger Larsdtr. Ovren. f. 22/12. 1760.

Den 19. april 1779 ble det holt skifte etter Lars Olsson Ovren som da var død, og i skiftet er disse navn oppført, men det står Ingeborg i stedet for Inger så det har nok blitt feilskrevet en gang. I folketellingen for 1801 så finner vi neste bruker på Ovren, og det er da den første Ole Larsen som er nevnt tidligere som da er gardbruker og i sitt 49. år har 4 barn . Han var gift med Anne Amundsdr. som da var 38 år. Deres barn var:

1. Lars Olsen
2. Amund Olsen
3. Mari Olsdtr.
4. Berthe Olsdtr.

Kristen Voldbakken